


Informasjonshefte

2011 - 2012

LYEFJELL BARNEHAGE.



Lyefjell barnehage

Lyefjell barnehage er ein kommunal barnehage som starta opp våren 1984.

Barnehagen ligg fantastisk flott til like ved Lye skule og idrettshall. Fint naturområde til turar med barna. Vi har gode lokale som fremmer leik, læring og varierte aktivitetar.

Me har open barnehage i kjellaren med opningstid fire dagar i veka kl.09.00-13.00. Askeladden har 25 plasser for barn i alderen 3-6 år, og nøtteliten har 13 plasser til barn i alderen 0-3 år.

Time kommune sin visjon er: Alle barn skal ha oppvekstvilkår som gjev dei lyst på livet og evne til å meistre det.

Glede, nærvær og tid til det enkelte barna vil vera i sentrum. Vaksne som lyttar, observerer, dokumenterer og reflekterer.

Lyefjell barnehage har eit pedagogisk grunnsyn som set det enkelte barn i sentrum. Kvart barn skal bli møtt med forståing og innleving, og få høve til å utvikla seg gjennom eit godt samspel med andre barn og vaksne. Barna skal ha ei kjensle av at dei blir sett, høyrte og at vi har tid til dei.

Dette byggjer på teori frå Dialog pedagogisk modell.

Denne modellen har dialog og samspel mellom menneske i sentrum. Den seiar at evna barna har til å kommunisera, i eit gjensidig samspel med andre og omverda, er grunnleggjande for barnet si utvikling på alle område.

Leiken er barnet sin genuine væremåte og læringsmetode. Så leiken får stor plass i barnehagen vår. Vi ønskjer å stimulera den naturlege nysgjerrigheta og løfta fram kvardagslæring i alle aktivitetar. Leik og læring går hand i hand. Leiken har eigen verdi og er viktig i barnekulturen. Leiken utviklar fantasi og skapar evne. Den er eit hjelpemiddel for språk, tanke, kjensle, moral, fysisk og sosial dugleik og sjølvbilete.

Vi er bevisst korleis vi nyttar tida vi har saman med barna. Vi lever i ein hektisk kvardag, og noko av det viktigaste vi kan gi barna er tida vår. Vi ønskjar å gje barna ei kjensle av at vi har heile dagen. Dette er noko vi ønskjer skal prege rutinesituasjonar og organiseringa i barnehagen. Tid til å sjå det enkelte barn og barnegruppa, og tid til å gje tilbakemelding og oppfølging.

Lyefjell barnehage vil legge vekt på det estetiske for å gje forståing som er basert på følelsar. Den kunnskap ein får gjennom sansane, refleksjonen over sanseintrykk, erkjenning gjennom sansing, følelseserkjenning og liknande kan skape læring. Alle kan sansa og oppleve, og dersom ein lærer å setje ord på dette, vil ein vera i stand til formidle kunnskapen sin på ein god måte. Ein estetisk oppleving er noko som grip og rører oss. Ein blir kjenslemessig engasjert og alle sansar og kompetansar inngår som ein del av opplevinga. For at ei oppleving skal kunne skape mening eller kunnskap må den kunne relaterast til våre tidlegare erfaringar.

INFORMASJON

Barnehagen har eiga nettside, gå inn på Time kommune, Lyefjell barnehage. På denne sida kan du finn årsplanen, mnd.plan, bilete m.m.
www.minbarnehage.no/lyefjell

DAGEN I Lyefjell barnehage

Klokke	Innhald
07.00	Barnehagen opnar
07.30 - 08.45. Morgonsmat. 09.00 Morgon samling. 09.30 Inndeling i grupper.	Barna har med eigen matboks med sunt brød og pålegg. Barna går i grupper/samling/tur.
10.45 Måltid 0-3 åringane 11.15 Måltid 3-6 åringane	Mat: Brød, pålegg og frukt. Barna får smørje med kniv og velje pålegg. Varmt måltid av og til. Leik ute.
11.30 Uteleik 14.00 - 14.30 Måltid	Fruktmåltid og brød blir servert i bhg. Foreldra snakkar med personalet om kor mykje barnet skal ete før dei skal heim.
16.30 Barnehagen stenger.	Barnehagen stenger.

Det er smøremåltid kvar dag, så ein treng matpakke til frukosten om ein ikkje har ete heime. På formiddagen deler vi barna inn i grupper med ulike aktivitetar. Etter måltidet kl.11.30 går barna ut og leikar. I barnehagen legg vi stor vekt på leik og læring gjennom heile dagen.

ORGANISERING

- Barna vert delt inn i grupper etter alder og modning.
 - Vi jobbar med fagområda kommunikasjon, språk og tekst. Kropp, rørsele og helse. Kunst, kultur og kreativitet. Natur, miljø og teknikk. Etikk, religion og filosofi. Nærmiljø og samfunn. Tal, rom og form.
 - Vi vil gi barna impulsar og erfaringar.
 - Barna skal få stor medverknad. Medvirkning handlar om korleis menneskjer samhandlar , lyttar til og respekterer kvarandre i eit fellesskap. Å ha rett til medvirkning handlar ikkje om å bestemme. Det handlar om at alle er ein del av eit fellesskap kor ein må vise respekt og inkludere uansett meiningar og haldningar. Det formelle ansvaret ligger hos de ansvarlige vaksne.
- Leik er den viktigaste måten å lære på. Barna har høg kompetanse og engasjement i leik. Vi ynskjer å ytterlegare styrke denne livs- og læringsforma gjennom å legge tilrette for leik både fysisk og organisatorisk.

Vekeplan

Måndag	Tysdag.	Onsdag.	Torsdag	Fredag.
ASKELADDEN				
Tema: Sosial kompetanse	Tema: Leik, vennskap og gode relasjonar	Tema: Språk leik	Tema: Matte leik	Tema: Estetikk
Blå og rosa på tur (3 år)	Møte dag for personalet	Grønn og lilla på tur.	Blå og rosa på tur	Grøn og lilla på tur
Grønn og lilla inne (4 og 5 år)		Blå og rosa inne.	Grøn og lilla inne	Blå og rosa inne
NØTTELITEN				
Tema: Sosial kompetanse. Vennskap og gode relasjonar	Alle er ute på føremiddagen, barns medvirkning i fokus. Møte for personalet.	Tema: Språk leik Vi les i bøker	Tema: Matte leik Gul gruppe klosser/byggeleik Rød gruppe Tur dag, vekt på antal, rom og form	Tema: Gul gruppe -Ute dag. Natur med fokus på estetikk Rød gruppe -forming/estetikk.
Rød gruppe Leik - byggeleik konstruksjon. Gul gruppe tur dag				

PRIMÆRKONTAKT

Ein primærkontakt skal:

Sjå barnet og sikre vaksenkontakt kvar dag = tryggleik.

Oppfølging med heimen.

Ansvar for å ta bilete og dokumentere barnet sin kvardag i barnehagen.

Arbeida målretta i forhold til enkeltbarn og deira behov.

Lage fødselsdag for barnet.

Observere i fôrkant av foreldresamtale. (Det er samtaler ved behov, minst to i året, om du vel å ikkje koma må du skrive under på eit skriv som dokumentere det.)

Vere på gruppa, og sikra at barnet er sosialt inkludert.

Kvifor primærkontakt:

For å sjå det enkelte barnet og sikre medverknad frå barnet.

For å sikre vårt pedagogiske grunnsyn.

FØDSELSDAG

Den dagen barnet fyller året, får han/ho krone, og vi har ei samling for barnet. I slutten av månaden feirar vi alle som har hatt fødselsdag denne md. Då får dei barna det gjeld, vera med eit par vaksne å lage til ein fest for alle. Då bestemmer barna kva vi skal ete og kva vi skal synge i fellessamlinga.

- Vi fokuserer på eit sunt kosthald og ein sunn kropp. Av den grunn skal ein ikkje ha med is, kaker o.l. på fødselsdagen sin. Barnehagen skal også i eigne måltid ha fokus på sunt kosthald.

Gruppene

Nøtteliten	
Gruppe 1 - 2 år GUL	Kariann Lindheim -assistent 100% Bodil Lima Helliesen -ped.leiar 80% Møyfrid Nesse -assistent 20%
Gruppe 2 - 3 år RØD	May Rita H.Lea -ped.leiar 60% Vilja Birkelund -assistent 100% Møyfrid Nesse -assistent 40%
Askeladden	
Gruppe 5 år GRØNN	Kirsti Simonsen - assistent 80%
Gruppe 4 år LILLA	Brit Lindheim -assistent 90%
Gruppe 3 år ROSA	Lise Nord-Varhaug - ped.leiar 100%
Gruppe 3 år BLÅ	May Ellen Birkeland -assistent 100%
Forsterka	Lene Støldal Vestvik spesialpedagog -vernepleiar 5 timar i veka
Styrar	Berit Time Bø - 80%.
Reinhaldar	Dominica Taksdal
Vaktmeistar	Jarle Hagen

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Opningstider 07.00 - 16.30

Ferie Alle barna må ha 5 veker ferie kvart år, 3 veker må ein ta ut i i perioden 1. juni til skulestart. Dei to siste vekene i juli er barnehagen stengt. Vi har stengt 5 planleggingsdagar i løpet av året, dei kan reknast som ei ferieveke. Ferien skal meldast før 1. mai. Barnehagen er stengt julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

Betaling Regulert etter satsar som vert fastsett av Time kommunestyre. Avgift må og betalast ved fråvær.

- Forsikring** Barna er ulykkesforsikra i det ordinære barnehagetilbodet.
- Opptak** Opptak om våren. Felles for heile kommunen.
- Oppseiing** Ein behald plassen til ein seier opp, flyttar til ein annan kommune eller startar på skulen. (Ein må sei opp før 1.3. om ein ikkje vil bruke/betale for sommaren som kjem.)
- Frammøte** Barnet skal som hovudregel bringast og hentast av foreldra. Unntak skal avtalast med personalet.
- Kryss: X** Når de kjem og når de går heim blir barna kryssa inn/ut i ei bok av personalet. Derfor er det viktig at de alltid seie i frå når de kjem eller går heim med barnet.
- Sjukdom** Gje alltid beskjed dersom barnet er sjukt eller har fri ein dag. Barnet skal vera heime v. feber og smittefare som diare og oppkast.
- Kl.09.30.** Denne tida er me klar for tur ut, dersom barnet kjem etter Kl. 09.30. er det greitt om vi får beskjed på førehand pr. tlf. Barnet blir då igjen med dei som er inne.
- Selskap** Vi feirar kvart enkelt barn med krone og stas. Song og leik.
- Måltid** Til frukost har barna med seg mat i matboks. Mitt på dagen får barna mat i barnehagen, brød og pålegg som dei smøre sjølv. Til ettermiddagsmåltidet blir barna servert brød og frukt.
- Medisin** Dersom det skal takas legemiddel i barnehagen, skal foreldra inngå skriftleg avtale med barnehagen om dette. Ta kontakt med personalet.
- Vedtekter** Time kommune har eigne vedtekter som gjeld for kommunale barnehagar.
- Klede** Det er viktig med gode klede til alle årstider. (Hugs å merk: klede og sko) Ta med innesko, klesskift, støvlar og reinklede som kan henge i barnehagen. Vassflaske og god sekk. Barnehagen har avtale med Mx-sport på Bryne v. kjøp av Bergans sekk.
- Plan. dag** Barnehagen er stengt desse dagane. (sjå skuleruta)
- Tieieplikt** Personale, studentar og lærlingar er pålagt tieieplikt. Alle medlemmane i SU har og tieieplikt.
- Fjern adoptiv barn** Me samlar inn pengar på FN-dagen til eit fjern adoptiv barn.

NY I BARNEHAGEN!

Vi vil ønske deg som ny i Lyefjell barnehage hjarteleg velkommen. Vi vil ha oppstartsamtale ein av dei første dagane. På samtalen fortel de om barnet og informerer oss om kva som er viktig for dykk. Vi vil gi informasjon og omvisning.

FYRSTE DAGEN: Barnet og foreldra bør være saman heile tida. Det er viktig at denne dagen ikkje vert for lang. Barnehagen anbefaler at ein kjem mellom kl.10 - 12.00. Barna skal ha lyst til å koma tilbake neste dag. Snakk positiv om barnehagen og ver trygg overfor barnet at dette blir kjekt og godt for barn og foreldre.

ANDRE DAGEN: Denne dagen kan du prøva å gå i frå, inn på pause rom, slik at du er tigjengeleg. Det er lurt med korte dagar i starten -tilvenningsperioden.

TREDJE DAGEN: Denne dagen kan du gå i frå barnet nokre timar. Det er viktig at du seie tydeleg at du skal gå frå barnet og kjem igjen når barnet har vore ute for eksempel. Du kan vinke og sei "ha det bra". Du må vera førebudd på at barnet kan skrike. Men ver trygg på at vi ringer dersom det ikkje går over etter ei lita stund. Du kan ringe når som helst og spør korleis det går med barnet i barnehagen. Det er viktig for oss at også de som foreldre er trygge på at barnet har det godt i barnehagen. Hugs å vera tilgjengeleg på telefon til ei kvar tid. Ikkje la dagen verta for lang i starten. Bruk god tid ved henting. Ta gjerne med sysken, tanter eller andre nære venner.

OVERGANG FRÅ NØTTELITEN TIL ASKALADDEN:

Barn som skifter frå Nøtteliten til Askeladden vil og få ein "ny barnehage" Me har opna opp avdelingane vår og sommar slik at barna skal bli kjent med personale og rom. Barna får ny plass i garderoben og nokon ny primærkontakt. Ta kontakt dersom du ønskjar oppstart samtale på Askeladden. Elles blir alle barne skifta over i løpet av august, v. skulestart.

Frå fyrste veke startar vi med dagsrytme. Det vil sei faste tider for leik, tema, måltid, turar og fargegrupper. I starten vil turdagande ver ute på leikeplassen i barnehagen.

Fokus den første månaden vil vera:

*Innarbeida rutinar og reglar.

*Lage gode fellesskapsaktivitetar.

*Vi bruke tid på bilete av familien til barnet, samtale og blir kjent.

*Har fokus på leik, bli kjent og lære namn.

Lyefjell barnehage
Sentervollen 29, 4340 Bryne
Tlf 51 48 82 74
e-post: berit.time.bo@time.kommune.no
www.Minbarnehage.no/Lyefjell

Time kommune
P.b.38, 4349 Bryne
tlf 51 77 60 00
fax 51 48 15 00
e-post: postmottak@time.kommune.no
www.time.kommune.no